



ØYGARDEN KOMMUNE  
KULTUR

Kulturdepartementet

11 JUN 2012

11 / 763 - 102

Det kongelige kulturdepartement  
Postboks 8030  
0030 OSLO

## PARTSBREV

Dykkar ref.

Vår ref.  
12/956-3/K2-C60//BHJ

Stad/Dato:  
06.06.2012

### SVARBREV PÅ INNSPEL TIL ENDRING I FOLKEBIBLIOTEKLOVA

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

#### **04.06.2012 KOMITÉ FOR LEVEKÅR**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **KLEV-059/12 VEDTAK:**

Komite for levekår tilrår følgjande til endringar i lov om folkebibliotek:

*I 4. paragraf tek Departementet vekk dei statlege veiledane retningslinene for bibliotekdrift som ligg til grunn for kommunane si utforming av biblioteka sine regelement. Me meiner statlege retningsliner i form av eit minstekrav til utforming av tenestene bør vere i lova slik at ein som brukar er sikra å kunne få dei same tenestene uansett kor ein bur i landet. Vårt forslag er at lovlyden om regelement blir ståande.*

*Kommunane stør alternativ 1 «Kompetanse» i forslaget om endring av paragraf 5.*

*I våre kommunar har me gode erfaringar med samarbeid med skulebiblioteka, det gode samarbeidet stør seg på paragraf 6 i lova som seier at det skal vere eit organisert samarbeid mellom skulebibliotek og folkebibliotek. Me meiner det vil vere å ta eit stort steg bakover å fjerne paragraf 6, då det er retningslinene i denne som er fundamentet og gjer minstekrav til samarbeid mellom institusjonane. Vårt forslag er at lovlyden om samarbeid med skular blir ståande.*


*Vårt forslag til paragraf 9:*

<b>Besøksadresse</b>	<b>Postadresse</b>	<b>Konto.nr.</b>	<b>Org.nr.</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>E post</b>
Øygarden rådhus	Ternholmvegen 2, 5337 RONG	1503 23 43969	938 766 223	56 38 20 00	56 38 22 31	<a href="mailto:postmottak@oygarden.kommune.no">postmottak@oygarden.kommune.no</a>

øygarden

*Fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, herunder gi råd til lokale myndigheter, yte bibliotekfaglig rettleiing og assistanse, og arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen kan opprette avtaler om felles bibliotekdrift og lånesamarbeid med ein eller fleire kommunar og skal ha ansvaret for å samordna fjernlånsverksemda i fylket. Fylkeskommunen har ansvar for bibliotekfagleg rettleiing av dei vidaregåande skulane i fylket.*

Med helsing



Bernt Hjørnevik  
Kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.